

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo



Deres ref./your ref.:  
200202840

Vår ref./our ref.:  
03/391  
323/HMA

Dato/date.:  
Oslo, 13. august 2004

## Høyring av forslag til lov om kvotehandel

Energibedriftenes landsforening (EBL) takkar for muligheten til å kommentera utkastet til lov om kvotehandel med klimagassar. I det følgande vil følgande punkt bli særleg påpeika:

- Alle typar gasskraftverk bør inkluderas i kvotesystemet allereie i perioden 2005-2007
- Norske aktørar må få dei same rammevilkåra som andre aktørar innanfor den europeiske energimarknaden

I det følgande gjer vi nærare greie for desse synspunkta.

For øvrig ønskjer EBL å uttrykka støtte til utforminga av eit norsk system for kvotehandel, kopla til EUs system. EUs direktiv om kvotehandel er eit viktig steg framover for internasjonalt klimasamarbeid, og erfaringane frå dette systemet vil bli viktige i det vidare arbeidet for å redusera dei globale utsleppa av klimagassar.

Vi viser også til høyringssvar frå Næringslivets Hovedorganisasjon og Norsk Fjernvarmeforening.

### 1. Bakgrunn

EBLs medlemmer står for brorparten av norsk stasjonær energiforsyning, med aktivitetar knytta til produksjon, sal og distribusjon av elektrisk kraft og fjernvarme. Fleire bedrifter har også aktivitet knytta til innanlands bruk av naturgass, og vi registrerer ei aukande interesse for å satsa på distribusjon og sal av naturgass og til satsing på kraft- og varmeproduksjon basert på naturgass. EBLs medlemsbedrifter har også betydelege planar for bygging av ny produksjonskapasitet basert på ulike former for fornybar kraft- og varmeproduksjon.

Som kjent gjer den store andelen vasskraft at utsleppa av klimagassar frå norsk stasjonær energiforsyning er små. Likevel vil utforminga av nasjonal og internasjonal klimapolitikk ha stor betydning for energiforsyninga generelt og kraftsektoren spesielt, av to grunnar. For det første har vi allereie ein felles nordisk kraftmarknad med felles børs, og denne marknaden er igjen kopla mot såvel ei rekke nye og gamle EU-land som Russland. I dei fleste landa i dette marknadsområdet står kraftsektoren for store utslepp av klimagassar, og innføring av restriksjonar på utslepp vil gjennom prisnivået i marknaden også påvirka norsk kraftbransje. For det andre vil det dei neste åra vera eit behov for store investeringar i ny kraftproduksjonskapasitet, på grunn av forbruksvekst, ufasing av gamal produksjonskapasitet og av forsyningsikkerhetsgrunnar. Rammevilkåra for utslepp av klimagassar vil påvirka både kva typar produksjon som blir bygd ut og lokaliseringa av denne kraftproduksjonen.

Besøksadresse: Telefon: 23 08 89 00  
Essendropsgate 6 Telefaks: 23 08 89 01

Postboks 7184 Majorstua  
0307 Oslo

E-post: ebl@ebl.no  
www.ebl.no

Den norske varmemarknaden blir påverka av dette både direkte og indirekte, både gjennom rammevilkåra for eigne utslepp og fordi prisnivået for varme i stor grad varierer i takt med kraftprisane. I dag er olje den vanlegaste forma for fossil primærenergi i fjernvarmesektoren, men fleire brukar allereie naturgass og vil bli omfatta av kvotesystemet. Det er også betydelig interesse for å erstatta olje med naturgass.

Som kjent har klimapolitikken dei siste åra lagt sterke føringar for utbygging av norsk gasskraft, mellom anna på grunn av stor aktivitet i olje- og gassindustrien og fordi det ikkje er rom for utsleppsreduksjonar i kraftsektoren. I dag er Norge ein netto importør av kraft i år med normalt forbruk og nedbør. Dermed er vi avhengige av kraft som i stor grad er produsert frå kol og gass. Norsk energiforbruk fører dermed til utslepp av klimagassar i andre land, sjølv om denne krafta kunne vore produsert med betydeleg mindre utslepp av CO<sub>2</sub> i Norge. Eit internasjonalt kvotesystem vil bidra til å hindra slike uheldige effektar. Samstundes vil det vera eit verktøy for å redusera dei samla utsleppa av klimagassar frå europeisk kraftproduksjon.

## 2. Gasskraft i kvotesystemet

I det utkastet til lov som no er lagt fram, vert det lagt opp til at gasskraftverk som hovudsakleg leverer energi til eksterne kundar, ikkje skal vera ein del av kvotesystemet i perioden 2005-2007. Høyringsnotatet gjev to grunnar for dette. For det første vert det forventat at kraftverk bygde med dei konsesjonane som no er gitt, tidlegast kan setjast i drift i siste del av 2007. Dessutan opnar ikkje Sem-erklæringa for å gje nye konsesjonar for gasskraftverk før det er etablert eit system for handel med kvotar i tråd med Kyoto-protokollen.

EBL vil påpeika at det i kraft av EU-direktivet om kvotehandel vil oppstå ein internasjonal marknad for handel med utsleppsløyve allereie frå 2005. Kraftsektoren vil utgjera ein stor del av denne kvotemarknaden. Vi kan ikkje sjå at dette kvotesystemet er eit dårlegare virkemiddel for å handtera utslepp frå norsk gasskraft i perioden 2005-2007 enn i perioden 2008-2012. Difor ber vi om at all gasskraft vert inkludert i systemet allereie no.

Det kan sjølvstøtt innvendast at behovet for dette er lite, sidan norske gasskraftverk truleg tidlegast kan vera i drift mot slutten av 2007. Til ei slik innvending har vi frå EBLs side to kommentarar. For det første kan dette argumentet brukast begge vegar – det gjer det også mindre forståeleg at Miljøverndepartementet ønskjer å halda gasskraft utanfor kvotesystemet no, men opnar for å inkludera det seinare. Viktigare er det imidlertid at det for norsk kraftbransje er viktig å få avklaringar om dei framtidige rammevilkåra for kraft- og kraftvarmeproduksjon basert på gass så tidleg som mogleg. Dersom regjeringa ønskjer å bruka kvotehandel til å regulera utslepp også frå gasskraftverk i perioden 2008-2012, bør det signaliserast ved å ta slik produksjon inn i lova allereie no.

Ei inkludering av gasskraftverk i det norske kvotehandelssystemet vil sikra norske gasskraftverk dei rammevilkåra når det gjeld klimautslepp som annan kraftproduksjon i den indre marknaden for kraft i EØS-området. Dette vil vera i samsvar med Stortingets føresetnader.

I denne samanhengen vil vi også kommentera at det i forslaget vert opna for å inkludera gasskraftverk som er tilknytta anna verksemd og som i hovudsak leverer kraft til denne verksemda. I høyringsnotatet er dette talfesta til at over 80 prosent av krafta må brukast i eige anlegg. Regjeringa opnar dermed for enkelte typar gasskraftverk, sjølv om det vert sagt nei til andre. Frå EBLs side finn vi det unaturleg å skilja mellom ulike typar gasskraftverk på denne måten. Utsleppsproblemet er det same, og ei slik diskriminering vil kunna leggja uheldige føringar på både lokalisering av kraftproduksjon og på eigarskap til kraftanlegget. Vi kan ikkje sjå at dette er i samsvar med dei prinsippa om marknadsorientering og fri konkurranse som ligg til grunn for reguleringa av norsk og europeisk kraftsektor.

Besøksadresse:      Telefon: 23 08 89 00  
Essendropsgate 6      Telefaks: 23 08 89 01

Postboks 7184 Majorstua      E-post: ebl@ebl.no  
0307 Oslo      www.ebl.no

Lovforslaget nemner ikkje kombinert kraft- og varmeproduksjon basert på naturgass. Fleire varmesentralar for fjernvarme produserer i dag også kraft, basert på forbrenning av avfall som blir supplert med olje i spisslastperiodar. Dersom olja blir erstatta av naturgass, vil utsleppa av CO<sub>2</sub> bli reduserte. Det bør avklarast om slike kogenereringsanlegg i så fall blir omfatta av lova om kvotehandel.

### **3. EUs kvotedirektiv (direktiv 2003/87/EF) bør integrerast norsk lovgjeving**

Regjeringa føreslår å integrera den norske marknaden for utsleppskvotar med EU-marknaden gjennom å søkja bilateral godkjenning av eit begrensa norsk system. EBL meiner det vil vera ei betre løysing å la direktivet bli ein del av EØS-avtalen. For vidare utdjuping av dette standpunktet viser vi til høyringssvaret frå Næringslivets Hovudorganisasjon.

### **4. Den vidare utviklinga**

Avslutningsvis vil vi kort kommentera det vidare arbeidet med å utforma klimapolitikken. Som nevnt innleiingsvis er ambisjonane og utforminga av klimapolitikken svært viktige for rammevilkåra for vidare utvikling av kraftsektoren spesielt og stasjonær energiforsyning generelt. Dette gjeld ikkje berre direkte bruk av gass og kraft/kraftvarme basert på naturgass, men også satsinga på ulike typar fornybar kraft- og varmeproduksjon. Den vidare utviklinga i det internasjonale klimasamarbeidet er i dag usikker, og norsk kraftbransje er førebudd på å leva med denne usikkerheten. Likevel er det viktig at norske styresmakter spelar ei aktiv rolle på dette feltet, både for å bidra til framgang i det internasjonale klimasamarbeidet og for å sikra ei tidleg avklaring av korleis internasjonale avtalar skal følgast opp i Norge. EBL bidrar gjerne i denne prosessen.

Departementet har også bedt om kommentarar til ei liste over verksemder som vil bli berørte av forslaget frå regjeringa. Vi registrerer at ingen bedrifter innan energiforsyning er med på denne lista og viser til høyringssvar frå Norsk Fjernvarmeforening når det gjeld oversikt over energibedrifter som vil koma inn under kvoteordninga.

Med venleg helsing  
Energibedriftenes landsforening



Steinar Bysveen  
Adm. direktør